



Vassverket skal byggja lager. Her er formann Hans Reidar Kjærland ved eit sentralt punkt i vassforsyninga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal Vassverk treng eit lager og planlegg å byggja eit hus for dette føremål ved sida av og ovanfor huset dei har i dag inntil Eikelva.

Huset er tenkt laga i betong og får tak av prefabrikerte takstolar med tekking av stålpanner. Det vert ikkje innlagt vatn..

Nils Bjarne Eik eig grunnen. Eigartilhøvet vil verta ordna med ei seinare grensejustering mellom han og vassverket, opplyser formann i vassverket Hans Reidar Kjærland til kommunen.

Bygget vil verta plassert langt frå næraste nabogrense, inne på Eik sin eigedom, og Kjærland finn det difor ikkje turvande å varsle andre naboar.